

## PRAKTISK INFO

**Ope:** Onsdagar kl: 16 – 21 i 2023

**NB:** Garden er stengt veke 38 (20.september).

**Alder:** 10-19 år

**Mat:** Gratis, vi lagar mat ilag. Ta kontakt ved matallergi.

**Slik kjem du deg til garden:** Det går buss frå Sogndal, som kjem til Kvamsøy litt over kl. 16 og kl. 18 og det går buss frå garden ca. kl. 18 og kl. 21.

**Adresse:** Kvamsøy 47, 6899 Balestrand

**Påmelding til:** Anne-Brit Balevik 99227240 SMS  
[anne-brit.balevik@sogn.no](mailto:anne-brit.balevik@sogn.no) eller pm på fb

### INN PÅ TUNET

er tilrettelagte og kvalitetssikrede velferdstjenester på gårdsbruk.

Tjenestene skal gi mestring, utvikling og trivsel. Gårdsbruk er en eiendom som benyttes til jord-, skog-, eller hagebruk. Aktivitetene i tjenestetilbudet er knyttet opp til gården, livet og arbeidet der.

Inn på Tunet Norge SA er en profesjonell tjenesteleverandør. Bonden som medeier og tjenesteprodusent har et faglig fellesskap og nettverk som setter kvalitetskrav og leder tjenesteutviklingen.

En godkjent Inn på tunet-gård har system på kvalitetsarbeidet, kontroll med risiko-/usikkerhetsfaktorene og kan dokumentere forholdene på gården. Dokumentasjonene brukes aktivt i utviklingsarbeidet.



[www.innpatunet.no](http://www.innpatunet.no)



OPEN MØTEPLASS I 2023 PÅ  
NAUSTVOLL GARD – LIVDI  
FOR BARN OG UNGDOM 10-19 ÅR

Gratis fritidstilbod onsdagar kl.16-21  
For meir informasjon kontakt: Anne-Brit Balevik  
SMS: 99227240 Epost: [anne-brit.balevik@sogn.no](mailto:anne-brit.balevik@sogn.no)

Et samarbeid mellom Inn på tunet Norge SA, Bufdir og Sogndal kommune





## HOS OSS KAN DU:

Open møteplass på Naustvoll gard skal vere ein inkluderande plass, der du berre kan møte opp og ha det kjekt.

Viss du ønskjer kan du vere med på foring og stell av dyra, og bli kjend med dei.

Du kan bli med å bygge. Det er alltid nye idear vi må gjennomføre, hus/bingar til dyra eller plantekassar.

Så, plante, dyrke og hauste – og lage mat.

Har du lyst å øve deg på saging (sage ved som vi treng i peisestova) og bli god til farmen-konkurranse som vi skal ha seinare?

Her er hesteskokasting, kubb, og mange «innespel» på låven.

## VÅRE LOKALER:

Vi har terrassar med og utan dyr.

I første etasje er det garderobe, bad og eit arbeidsrom med kraftfor, hesteutstyr, materialar verktøy og sløydbenk. Her er det lov å gå med sko og arbeidskle.

I andre etasje er det peisestove, gang, toalett og kjøken. Andre etasjen er ein rein etasje, slik at alle som har jobba eller vore i fjøsen/med dyra må ta av arbeidskle/sko nede. Kjøkenet er bygd for at fleire kan vere med på matlagninga samtidig, og så serverar og et vi i peisestova eller ute.



## OM GARDEN OG MENNESKA

Garden ligg i Kvamsøy, 13 km frå Balestrand mot Høyanger. Her er hestar, sauvar, alpakka, esel, kyr, kaniner, høns, marsvin og hundar. Det varierer litt.

Vi som bur her er Anne-Brit og Arne. Anne-Brit har vore lærar lenge, men jobbar no berre på garden, og har i lang tid hatt skule og arbeidstilbod på garden. Og no dette fritidstilboden.

Arne har arbeid utanfor garden, men hjelper mykje til med store byggearbeid, og alt traktorarbeidet. Han høgg tømmer i skogen, og på sagbruket vårt har han laga materialar som vi har bygd med på garden.

